

*FOLKELEG KRISTENLIV  
OG KRISTELEG  
FOLKELIV*

Peter Hognestad (1866-1931) var biskop i Bjørgvin frå 1916 til 1931, etter at han hadde vore styrar ved Notodden lærarskule, bygde-ungdomsprest i Kristiania og lærar ved Menighetsfakultetet. Bondesonen frå Jæren gjorde eit uvurderleg pionerarbeid for nynorsk bibel- og kyrkjespråk.

Saman med Anders Hovden og Bernt Støylen gav han i 1925 ut Nynorsk salmebok, og han stod sjølv for folkekjære gjendiktingar som «Det hev ei rosa sprunge», «Leid milde ljøs» og «Fager kveldsol smiler». Hognestad var også hovudredaktør for den fyrste heile Bibelen på landsmål, Studentmållaget sin «Fyrebilsbibel» frå 1921.

Peter Hognestad var ein samarbeidsmann som engasjerte seg i både frilynt og kristeleg ungdomsarbeid. Samstundes var han prinsippfast, og det skapte sterke reaksjonar at han konsekvent brukte nynorsk både i undervisninga ved Menighetsfakultetet og som biskop i Bergen.

PER HALSE

Peter  
Hognestad

SPRÅKSTRID OG  
HEILAG FRED



Peter Hognestad

SPRÅKSTRID OG HEILAG FRED

BIOGRAFI



FOTO: CARL NESSET, HOGSKULEN I VOLDA

Førsteamanuensis Per Halse er fødd i Ørsta 1957. Han har teologisk embets-eksamen frå Menighetsfakultetet og tilleggsutdanning i historie frå Universitetet i Tromsø og i pedagogikk frå Høgskulen i Volda. Halse var kateket, lærar og prest i Karlsøy frå 1985 til 1990. Sidan 1991 har han undervist ved Høgskulen i Volda, og han var rektor der frå 2011 til 2015. Halse har doktorgrad frå Universitetet i Oslo om framveksten av nynorsk kyrkjespråk, han har laga lærebøker for høgare utdanning og skrive fleire artiklar i tidsskrift som *Kirke og Kultur* og *Syn og Segn*. Til biografien om Peter Hognestad har han skaffa fram mykje frå både offentlege og private arkiv som ikkje har vore publisert før.





---

PER HALSE

---

Peter  
Hognestad

---

SPRÅKSTRID OG  
HEILAG FRED

---

